



**Halvårsrapport Innovangsjon SA**  
**1. halvår 2015**



## Oppsummering

Fyrst og fremst er Innovangsjon på jobb for Vang. Det betyr at innbyggjarar, næringsdrivande og potensielle nye vangsgjeldingar som tek kontakt får rask og konstruktiv oppfølging. Med tre folk på arbeid stort sett heile halvåret har vi vore godt tilgjengelege for bygda og mange initiativ er teke opp og fram i perioden.

Tyn-Filefjell-magasinet, Fredagskos i skiheisen, matseminar, konsert og Fredagskos på Haukåsen, næringsfrukostar, badstove-prosjektet, høgt trykk på sosiale medium og [vangivaldres.no](http://vangivaldres.no), mykje merksemd frå media, formidling av bustader for utleige og sal, samt fleire små og store næringsprosjekt er av det viktigaste Innovangsjon har brukt tid på dette halvåret. Ved sidan av all oppfølging av initiativ.

Næringsutviklar Bjørn Henrik Stavdal Johansen, blestminister Hallgrim Rogn og arbeidande styreleiar Torstein Lerhol utgjorde arbeidsstokken til Innovangsjon ved inngangen til 2015. Dei to siste delte på stillinga til Innovangsjonsminister Caroline Fleten som var ute med sjukmelding. I april valde Fleten å seie opp stillinga si. I mai valte Bjørn Henrik Stavdal å takke ja til jobbtilbud i Bjørneparken. I juni takka Hallgrim Rogn ja til stillinga som Innovangsjonsminister og i løpet av sumaren takka Dag Inge Bruflat ja til stillinga som næringsutviklar. Ny styreleiar er Halvor Eggen Pettersen. Innovangsjon er no sett opp med tilsett-ressursar som ser langt fram i tid.

Innovangsjon vert fyrst og fremst målt på talet innbyggjarar i kommunen. I så måte har første halvår vore eksepsjonelt godt. Ved inngangen til 2015 var det 1619 innbyggjarar i kommunen. Ved utgangen av fyrste halvår er 2050. Altså 74 att til 1724. Meir om det seinare - no ynskjer vi alle interesserte god lesing.

Onsdag 28. oktober 2015

Hallgrim Rogn,

Innovangsjonsminister



## Hovudmål Innovangsjon

- 1724 innbyggjarar i Vang kommune innan år 2020
- 10 nye arbeidsplassar i året
- Møteplassar for befolkning og næringsliv

### Folketal

1724 innan år 2020 er målet. Altså det aller viktigaste suksesskriteriet på det arbeidet Innovangsjon legg ned. Ved opp-starten til Innovangsjon i 2011 var det 1591 innbyggjarar i kommunen ved inngangen til året. Ved inngangen til 2015 var det 1619 og ved utgangen av halvåret vi no rapporterer på var det 1650. Dette talet vil nok gå noko ned att i all den tid det no er mange med godkjent opphold i Noreg som er i Vang medan dei venter på bustadkommune. Men som tidlegare styreleiar Torstein Lerhol understreka i vår:

*«For ei tid er dei vangsgjeldingar. Dei handlar på butikken, nyttar biblioteket og er eit positivt innslag i lokalsamfunnet».*

Kvar hadde så folketalet i Vang vore utan Innovangsjon? Det vert sjølvsagt vrint å gje nokon fasit her. Men vi kan prøve å setje det som skjer i Vang i perspektiv.

Frå 1990 (1817 innbyggjarar) til 2011 (1591 innbyggjarar) mista vi i snitt over ti vangsgjeldingar kvart år. Ved utgangen av dette halvåret skulle vi vore godt nede på 1540-talet om trenden hadde halde fram frå 2011 og fram til no. Vi har over 100 fleir enn dette i kommunen pr. dags dato.

Om vi ser på kommunen som ligg rundt oss i folketal no, (dei to over og dei to under oss på lista) ser tala ut som dette.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
0436 Tolga	1 671	1 684	1 681	1 681	1 658	1 656
0439 Folldal	1 669	1 660	1 641	1 654	1 631	1 597
<b>0545 Vang</b>	<b>1590</b>	<b>1 591</b>	<b>1 617</b>	<b>1 597</b>	<b>1 602</b>	<b>1 619</b>
1524 Norddal	1 801	1 761	1 738	1 739	1 685	1 676
1725 Namdalseid	1 697	1 707	1 694	1 699	1 676	1 644

Etter dette har talet i Vang altså auka med 31 til. Så sjølv om talet for kommunen kjem til å variere dei neste åra, kan vi slå fast at flukten frå Vang er stoppa. Pila peiker rett veg, og målet om 1724 innbyggjarar innan år 2020 er fult mogleg å nå. Vi kan også sjå kvar vi vil i bygde-Noreg og vera stolte av det Vang har fått til dei siste åra.



## Nye jobbar

Har Innovangsjon bidrege til fem nye stillingar i fyrste halvår 2015? Sjølv om det aldri er eine og åleine på grunn av Innovangsjon at nokon startar opp, spelar hjelpa mange får gjennom foretaket ei viktig rolle. Difor seier eg ja på dette punktet utan at vi har høve til å liste opp alle bedrifter vi har hjelpt i stor eller liten grad dette halvåret. Meir om arbeidsrelaterte aktivitetar kjem seinare.

## Møteplassar

Det er no kontinuitet i arrangementa «Fredagskos» og «Næringsfrukost». Det fyrste er eit reit sosialt arrangement med særleg fokus på nettverk for nye sambygdingar. Næringsfrukosten er på si side eit møtepunkt mellom næring, kommune og Innovangsjon der ein ofte har eit bestemt tema kvar gong. I tillegg til dette har det vore arrangert fleire spissa næringssamlingar dette halvåret med matprodusentar i fokus. Pluss at vi gjennom prosjektet med badstove i sentrum har lagt til rette for uformelle møteplassar i bygda. Eit tilbod som har vorte særskilt godt motteke. Saman med eit aktivt foreningsliv og ein velfungerande Frivilligsentral, trur vi at vangsgjeldingane har dei møteplassane dei ynskjer seg. «Det skjer så mykje i Vang» høyrer ein oftare enn kommentarar om at der skjer «så lite».



## Organisering

Kort utgreiing om bemanning og oppgåver i fyrste halvår. Alle bidreg i tillegg der dei kan og har kapasitet i ein såpass liten organisasjon som Innovasjon.

**Innovsjonsminister (sjukmeldt)** Caroline Fleten var Innovsjonsminister fram til april då ho valde å seie opp stillinga.

### Arbeidande styreleiar (50 %)

Torstein Lerhol hadde personalansvar, bulystprosjektet, diverse andre prosjekt, styrearbeid, samt økonomi som hovudoppgåver.

### Blestminister (50 - 70 %)

Dagleg drift av [vangivaldres.no](http://vangivaldres.no) og facebooksida «Vang». Prosjektansvar badsotova. Arbeid mot presse og media. Redaktør Tyin-Filefjell-magasinet, oppfølging av bustader og ansvaret for «Fredagskos».

### Næringsutviklar (100 %)

Ved sidan dagleg oppfølging av bedrifter og næringsliv har han fulgt opp nettverket «Kongevegen over Filefjell» samt arrangert fleire spissa næringsmøter på 1724. To næringsfrukostar på Mjøsvag kafé har han også arrangert. Ellers har han greia ut rundt marknaden for ei fjellsenter knytt til Jotunheimen og Kongevegen på Filefjell, pluss at han arbeida med bulystprosjektet. Sa opp stillinga i vår og avslutta arbeidet 1. juli.

**Styret:** Torstein Lerhol (styreleder), Eli Belsheim, Steinar Frøyen, Jurjen van Leeuwen, Ingrid Wigdel, Halvor Eggen Pettersen og Grid Garstad utgjorde styret fyrste halvår. Vidar Wangensteen og Solveig Lind Paulsen var varamedlemmar. Alle unntatt styreleiar jobbar på dugnadsbasis.

Nytt styre frå og med juni 2015 er Halvor Eggen Pettersen (styreleiar), Steinar Frøyen, Bjørg Olimb, Jurjen Van Leuwen, Eli Belsheim og Dag Nordsveen. Åsta Brenna og Grid Garstad er vararepresentantar.



## Arbeid i Vang

### Hovudsaker 1. halvår 2015:

- **Ein til ein-oppfølging:** Ut over dei faste møtepunkta mot eksisterande næringsliv er det mange med bedriftsideear som tek kontakt med Innovasjon. Den generelle tendensen er at terskelen vert stadig lågare for å ta kontakt, noko vi set stor pris på. Alle bedrifts-idear har godt av rundar med diskusjon. Alt frå korte møter til meir seriøs involvering i idear og etableringar er innhaldet i ein-til ein-oppfølginga av bedrifter. Bistand med søknadar, marknadsundersøking, blest og rekruttering er eksempel på hjelp Innovasjon yter. Vi nemner ikkje bedrifter med namn i desse rapportane. Nokre initiativ ender opp med foretak. Ander stoppar på idé-stadiet.
- **Næringsfrukost.** To næringsfrukostar har vorte arrangert i fyrste halvår. Den fyrste hadde open agenda, mens den andre hadde utbygginga over Filefjell som fokus. Her var både Statens Vegvesen og Hædre på plass for å informere om status på prosjektet, innkjøp av tenester og planar framover. 20-30 deltagarar er på næringsfrukostene.
- **Mat-møter.** Det har vore tre møter med fokus på næringsutvikling og kompetanseheving innanfor landbruks-sektoren. Dette har vorte godt teke i mot og er noko Innovasjon kjem til å jobbe vidare med. Dette kan også brukast ovanfor andre næringar i kommunen.
- **«Høge Sprang».** Gjennom dialog med Ål kommune og «Papirbredden Innovasjon» vart Innovasjon med på ein søknad om å løfte dei kreative næringane i Hallingdal og Valdres (med fokus på Vang og Ål). Søknad vart sendt i juni og svar kom i september med tilslag på 1,65 millionar kroner over dei tre neste åra. Meir om dette i neste halvårsrapport.
- **Filefjell fjellsenter.** Etter innspel frå fleire hald la næringsutviklar Bjørn ned ein innsats for å utgreie høvet for eit senter på filefjell knytt til Jotunheimen og Kongevegen. Etter avslag på søknad for å ta prosjektet vidare arbeidar Innovasjon ikkje vidare med prosjektet på eigenhand.
- **Etableringsstipend.** I januar oppretta kommunen eit næringsstipend for fyrste gongs gründarar i Vang. Innovasjon har vore inne for å vurdere om bedrifter som søker pengar frå stipendet har høve for stønad andre plassar, samt følgje opp bedrifter som treng bistand i søkjeprosessen.
- **Nettverks-oppfølging.** Nettverket Kongevegen over Filefjell er følgd opp av næringsutviklarar.
- **Praksisplass.** Ein elev ved Valdres Vidaregåande skule hadde praksis på Kontorfelleskapet 1724 ein gong i veka gjennom halvåret. Innovasjon sytte for relevant oppfølging og arbeidsoppgåver.
- **Næringsareal.** Vi syner fram ledige næringsareal og næringstromter på [vangivaldres.no](http://vangivaldres.no). Både private og kommunale areal vert lagt ut.



## Bu i Vang

### Hovudsaker 1. halvår 2015:

- **Bustader, utleige:** Dette var fyrste halvår med drift av [vangivaldres.no](http://vangivaldres.no) gjennom heile perioden. Saman med facebooksida Vang klarar vi no å formidle bustader på ein effektiv og rimeleg måte. Totalt åtte bustader i kommunen har vore innom [vangivaldres.no](http://vangivaldres.no) i løpet av halvåret for så å verta leigd ut. Leilegheiter i sentrum er den store mangelvara - her er det potensiale for den som vil satse.
- **Bustader, sal.** [finn.no](http://finn.no) og lokale meklarar er hovudkanal for dei som vil selje bustad i Vang. Vi har erfart fyrste halvår at enkelte som ynskjer å selje rimelege objekt sjølv, utan å gå via meklar, nyttar [vangivaldres.no](http://vangivaldres.no) som kanal. For kommunen sin del er alle bustader som vert seld bra, og vi bruker difor energi både på å få bustader ut på marknaden, samt promosing av desse med tanke på sal.
- **Bustader, tomter.** Vi syner fram både kommunale og private bustadtomter på [vangivaldres.no](http://vangivaldres.no). Breidde i tomtemarknaden er viktig i arbeidet mot 1724 innbyggjarar.
- **Bolystprosjektet «Integrerande arbeidsliv».** Målet med prosjektet har heile tida vore å få deltakarane ut i arbeid, noko ein berre delvis har lykkast med. Det er ingen fasit på å löyse dette, så læringsutbyttet har vore stort for alle involverte. Innanfor sitt fagmiljø har prosjektet fått stor nasjonal merksemd og ein har oppdaga både svakheiter og styrker ved systemet i løpet av prosjektperioda. Prosjektet går ut 2015.
- **Fredagskos.** I februar vart det arrangert Fredagskos med skikøyring og pizza i Varmestøga på Tyin-Filefjell. Her møtte førti vangsjgeldingar. I mai var det «Matseminar og Fredagskos» på Haukåsen. Med Norgesgruppen, Vinjerock og Hanen på tale-lista kom mange matprodusentar for å høyre på seminar-biten. Konserten og middagen etterpå var fullteikna med over 60 deltakarar. Ein positiv kveld og noko å bygge vidare på.
- **Badstove i sentrum.** Etter initiativ frå NTNU vart det våren 2015 sett opp badstove i Vang sentrum. Studentane hadde dette som praktisk oppgåve gjennom semesteret og var ein gong i Vang for planlegging og ein gong i Vang for bygging. Mange gode krefter lokalt bidrog for å realisere prosjektet, og studentane la ned over eit årsverk under sjølve byggeperioda. Prosjektet fekk god merksemd frå media og badstova har vorte flittig brukt av fastbuande, skule-elevar, turistar og seminardeltakarar sidan opninga. Både NTNU og Innovangsjon ynskjer å halde fram med prosjektet i 2016.
- **«Utvangsjon».** Oppstarten av friluftslivets år vart i Vang markert med utekveld og overnatting på Åsvang. Initiativet var privat, men Innovangsjon bidrog med marknadsføring og gjennomføring. Ved sidan av bålkos og naturstig var det sett opp tre lavvoar og ein god gjeng, med ordføraren i spissen, overnatta ute.



## Blest om Vang

Hovudsaker 1. halvår 2015:

- **[vangivaldres.no](#)**. I fyrste halvår med full drift på [vangivaldres.no](#) har nettsida synt seg som ein særskilt viktig kanal for Vang og Innovangsjon. Både den faste informasjonen, reportasjene og nyhetene er mykje besøkt. Dei «kjedelege tala er» at det totalt har vore 31506 «økter» i løpet av perioda. Desse fordelar seg over 15869 ulike brukarar. Totale er det synt 58796 sider, og eit gjennomsnittleg besøk er på 1:20 minutt. Ser ein bak desse tala er det ein dobbling av besøket frå siste halvår 2014. Både utleigesidene, jobbsidene, kalenderen og viktige nyhende er godt besøkte sider, noko som syner at det er gjort fornuftige prioriteringar i arbeidet med sida. Nettsider kan alltid verta betre, men at dagens sider har ein positiv effekt for Vang, er udiskutabelt.
- **Facebook**. Synlegheita på det Vang-sida legg ut på Facebook har auka kraftig fyrste halvår. Siste halvår 2015 nådde vi i snitt ut til over 1500 personar med kvar post. Same tal for fyrste halvår i 2015 var 2400. I ei tid då Facebook hentar ut meir og meir pengar frå selskap for plass i «straumen» til folk, er dette tal som syner at engasjementet for Vang er stort. Pluss at kvaliteten på det som vert posta er høg. I perioden har vi gått frå 1794 følgjarar til 2093. Fleire følgjarar på Facebook enn innbyggjarar i kommunen er det få andre kommuner som kan syne til. I snitt vert det lagt ut 7-8 postar per veke på sida, noko som betyr at omlag 180 oppdateringar i løpet av halvåret.
- **Magasinet «Tyin-Filefjell»**. Sumarnummeret av magasinet kom ut til påske med distribusjon til Vang, Lærdal, Årdal og Vestre Slidre. Samt i ei akse mellom Oslo og Bergen. Profilering av Tyin-Filefjell og omdømmebygging for heile kommunen er dei to største målsetjingane med magasinet. Ut frå tilbakemeldingar lukkast vi godt der. Sakene brukast opp at på [vangivaldres.no](#)
- **Instagram**. Med om lag 8000 foto tagga med emneknaggen (#) vangivaldres er det heva over ein kvar tvil at vi bur i ei fotovennleg kommune. Kvart einaste foto lagt ut med denne emneknaggen er god og gratis reklame for Vang. Alt Innovangsjon gjer for å byggje opp under bruken av emneknaggen er å syne fram dei beste biletene i Tyin-Filefjell-magasinet, samt å poste biletene på Facebook frå tid til annan.
- **Vangfilmen**. I mai var det endeleg klart for offentleggjering av Vangfilmen. Det vart «all time high» på Facebook i det vi posta den. Med humor, vakre biletene og poengtett tekst syner filmen nokre gode sider ved Vang. Eigne versjonar som spelar på aktivitetar i Vang og «Turist i Vang» er også laga, samt kortare snuttar. Filmane kan nyttast i marknadsføring av kommunen, samt av turistbedrifter som ynskjer å syne kva kvalitetar du får som turist i Vang. Filmane har med andre ord lang levetid for kommunen.
- **Lokale mediasaker**. Avisa Valdres, Oppland arbeiderblad, valdres.no og NRK Hedmark og Oppland har alle gode relasjonar til Vang og Innovangsjon. Vi har ikkje ført detaljert statistikk over talet på saker, men vi når gjennom når vi tipsar og syter for auka lokal synlegheit for Vang.



- **Nasjonale mediasaker.** Her har vi ikke fullstendig oversikt. Positivt utfall i Dornasaken, Vinjerock, samt satsinga på skule er det som har vore omtala i positive ordelag i nasjonale medium. I tillegg har det har vore fem sider rypejakt frå Eidsbugarden i Villmarksliv, samt omtale av Tyin-Filefjell på [friflyt.no](http://friflyt.no).
- **Foredrag.** I april var Innovangsjon på Lillehammer og prata om det arbeidet vi gjer for Vang på nett og sosiale medium. I salen var om lag femti kommunale og fylkeskommunale medarbeidarar. Med om lag tjue spørsmål i etterkant av sesjonen var engasjementet for å læra av Vang stort.